



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 201102425-/MFO

Vår dato: 22.12.2011

Vår ref.: 2011/11863

Arkivnr.: 461.0

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
N-4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til endringar i vassforskrifta og forureiningsforskrifta

Fylkesmannen i Rogaland meiner endringane i vassforskrifta og forureiningsforskrifta i all hovudsak er oversiktleg og grei. Når det gjeld finansiering, er det likevel viktig å vere meir presis. I tillegg er det viktig å raskt få på plass rettleiingsmateriell.

Direktiv 2008/105/EF – Prioriterte stoff

Innblandingssonar

Det bør presiseras om innblandingssonar gjeld for alle typar forureining. Det er viktig å få raskt på plass rettleiingsmateriell knytt til korleis innblandingssonar skal settast. Dette for å unngå unødige diskusjonar knytt til forvaltningsplanarbeidet og tiltaksplanane, samt problem for arbeidet med løyver etter forureiningsforskrifta.


Kunnskapsgrunnlaget


Styrka kunnskapsgrunnlag om belastningsbildet vil gje betre grunnlag for vurdering av nye utslipp til vassførekomstane som alt har belastningar, eller ligg nær vassmiljøet si tålegrense. Det styrka kunnskapsgrunnlaget vil krevje betydeleg finansiering, og denne finansieringa er i mange tilfelle ikkje på plass. For tiltaksovervaking og problemkartlegging blir forureinar betalar – prinsippet trekt fram, men vi vil presisera at det i mange høve er vanskeleg å definera forureinaren. Det er og uklart korleis den praktiske gjennomføringa av prinsippet skal organiserast.

Kommisjonbeslutning 2008/915 – Interkalibrerte grenseverdier for klassifisering av miljøtilstand

Eventuelle endringar av gjeldande grenseverdier er venta i 2012/2013. Fristen for klassifiseringa av vassførekomstane i landet er satt til utgangen av 2012. Klassegrensene blir dermed endra midt i eit pågåande eller gjennomført arbeid.

Med helsing


Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef


Ørjan C. Simonsen
rådgiver

Saksbehandlar: Ørjan C. Simonsen
Saksbehandlar telefon: 51568905
E-post: orjan.c.simonsen@fmro.no

Kopi til:

Klima- og forurensningsdirektoratet	Postboks 8100 Dep.	0032	Oslo
Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim